

## Reglement for Offentleg spørjetid i Bømlo kommune

1. Umiddelbart før kommunestyret sine møte vert sett, vert det gjennomført inntil 30 minuttar offentleg spørjetid i møtesalen
2. Dersom det ikkje ligg føre spørsmål ved møtestart eller spørjetida ikkje vert nytta fullt ut, vert kommunestyremøtet sett og forhandlingane byrjar etter sakslista for møtet
3. Straks forhandlingane har starta, fell spørjetida vekk
4. Alle personar som er busette i kommunen kan stilla spørsmål til ordføraren, kommunestyret eller einskildmedlem av kommunestyret. Faste medlemmer i kommunestyret og varamedlemmer som skal møta i kommunestyret har ikkje høve til å stilla spørsmål
5. Spørsmål skal meldast til Bømlo kommune innan kl. 1200 dagen før møtet
6. Dersom spørsmålet vert retta til kommunestyret er det ordføraren som avgjer kven som skal svara på spørsmålet. Det kan stillast skriftlege spørsmål til kommunestyret. Desse vert lesne opp av ordføraren og deretter svart på
7. Spørsmåla må gjelda kommunale forhold og være av ålmen interesse for kommunen sine innbyggjarar
8. Det kan ikkje stillast spørsmål til sak som er oppført på sakskartet
9. Spørsmåla skal vera korte, og det må normalt berre ta tre minuttar å stilla dei og inntil fem minuttar å gi svar. Utover dette kan det gjevast tid for inntil to korte replikkar
10. Spørsmål som etter ordføraren si vurdering bør stillast til kommuneadministrasjonen kan avvistast
11. Spørsmål som ikkje kan svarast på forsvarleg i møtet vert utsett til neste møte
12. Spørsmål og svar skal protokollførast

### **Kommentarar til dei ulike punkta i reglementet:**

Spørjetida er sett til 30 minuttar før kvart kommunestyremøte. Slik får dei folkevalde ikkje fleire møte å stilla på ved innføring av ordninga.

Spørjetida er til for kommunen sine innbyggjarar og eit virkemiddel for å styrka interessa for lokaldemokratiet. Difor er det berre personar som er busette i kommunen som kan stilla spørsmål.

Kommunestyremedlemmer og varamedlemmer har høve til å stilla sine spørsmål i sjølve

kommunestyremøtet under spørsmål og interpellasjonar, og får difor ikkje høve til å stilla spørsmål under offentleg spørjetid.

Tidsfrist for å melda inn spørsmål er sett til **klokka 1200 dagen før møtet**. Tidsfristen er sett ut frå omsynet til at dei som skal svara på spørsmåla bør få noko tid til å førebu eit svar samstundes som dei som skal stilla spørsmål ikkje må planleggja dette lang tid i førevegen.

Det vert ikkje høve til å stilla spørsmål til saker som er sett på sakskartet. Sakene er ferdig førebudde og debatten skal takast direkte i kommunestyremøtet. Spørsmåla må gjelda saker av ålmenn interesse. Slik får ein ei avgrensing i høve til å stilla spørsmål knytt til eigne saker. Slike spørsmål skal takast med sakshandsamar.

I framlegg til reglement er det sett tidsgrenser for kor lange spørsmål og svar kan vera. Dette for å sikra at fleire skal få høve til å stilla spørsmål. For å sikra at spørsmål og svar vert arkiverte og tilgjengelege i etterkant, rår arbeidsgruppa til at spørsmål og svar vert arkiverte.